



Kaland Trelost
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6697 - 15/35795

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.11.2015

Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 85/24 Kvalvåg.

Kommunen viser til søknad om løyve til riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny, samt søknad om utsleppsløyve på gbnr 85/24.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, og forureiningsforskrifta § 12-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn lengdeprofil av omsøkt intern veg/mur. Oppføring av mur slik omsøkt er i strid med byggjeregula langs kommunal veg og krev dispensasjon før tiltaket kan godkjennast etter plan- og bygningslova. Søknadsskjema følgjer vedlagt. Søknaden vert handsama av eining for Teknisk drift.
2. Ved riving av bygning skal dei som har pengeheftelsar i eigedomen varslast, jf pbl § 21-3. Det må gjerast greie for om ytterlegare varsling er naudsynt i forhold til pbl § 21-3.
3. I samsvar med utsleppssøknaden er det skildra at utsleppet frå reinseanlegget skal først til etterpuleringsgrøft i singel og at avrenning vidare skal gå til bekk. Vi kan ikkje sjå av det kommunale kartgrunnlaget kor bekken ligg. Avlaupet frå reinseanlegget skal som hovudregel først i tett leiding til bekk/vassdrag med heilårs vassføring eller sjø. Avlaupsleidningen skal visast i sin heilskap heilt fram til bekken. Dersom avlaupet skal først til stadeigne massar må det dokumenterast at desse har tilfredsstillande kvalitet. I følgje kommunal vegmynde kan ikkje avlaupet frå reinseanlegget først gjennom terreng til veggrøft. Dersom avlaupet skal først i tett leiding gjennom veg må det dokumenterast at det ligg føre graveløyve. Søknadsskjema følgjer vedlagt. Søknaden vert handsama av eining for Teknisk drift.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.12.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknadsskjema graving i veg (L)(69211)
søknadsskjema disp frå byggjegrænse langs komm. veg

Kopi til:

Ann Sofie Bjøkne	Sørflåtveien 76	4018	STAVANGER
------------------	-----------------	------	-----------

Mottakarar:

Kaland Trelast	Keilevegen 45	5953	FONNES
----------------	---------------	------	--------